



Setesdalssamarbeid

Bygland, Evje og Hornnes,
Valle, Bykle og Åseral

Vår ref.:
2021/2-30

Sakshandsamar:
Rita Hansen

Dato
05.10.2022

REFERAT MØTE ORDFØRARUTVAL 3. OKTOBER 2022

Møtestad: Kommunehuset, Åseral
Møtetidspunkt: 3. oktober kl 1000 – 1230. Deretter bedriftsbesøk.
Desse møtte: Sigbjørn Åge Fossdal, Bygland kommune, leiar
Jan D. Dalen, Bykle kommune
Svein Arne Haugen, Evje og Hornnes kommune
Inger Lise Lund Stulien, Åseral kommune
Rita Hansen, Setesdal IPR (referent)
I tillegg møtte Kåre Einar Larsen, kommunedirektør Åseral, til sak 6.
Forfall: Steinar Kyrvestad, Valle kommune

Sak	Merknad	Ansvar /frist
1 - Godkjenning av referat frå førre møte Referat godkjent. Ein held fram med å ha referat, møteplan osv på nettsida , og ikkje nytte den ordinære innsynsløysinga. Vert også sendt til postmottaka.		
2 – Leiars hjørne I samband med ein lokal sak i Bygland, skal Sigbjørn til Oslo (kommunaldepartementet) onsdag 5. oktober saman med Tellef Inge Mørland og Gro Bråten. Gjelder eiga sak i Bygland, men det er ønskeleg å ha med tilbakemeldingar på regjeringas forslag til straumstøtteordning. Send e-post til Sigbjørn før kl 1200 tysdag. Kommunedirektørane har møte og talerett i styret. Ved forfall har det vore ulik praksis om de sendar stedfortreder. Ordførarutvalet ønsker å presisere at dei står fritt til å sende en stedfortreder. Dialog og gjensidig oppdatering av forskjellige møtearenaer.	Rita	
3 - Politisk påverknadsarbeid <ul style="list-style-type: none">Uttale klinikkstruktur tannhelsetenesta. Blei sendt i etterkant av styremøte 28. september.		

<ul style="list-style-type: none"> • Strøm. Sjå over. • Hurdalsplattforma – oppfølging <p>Følgjer opp med nytt møte på Stortinget, må sjåast i samanheng med regjeringas forslag til statsbudsjett 6. oktober. Dersom det ikkje kjem midlar til Rv 9, er ordførarutvalet klare til å reise til Oslo om kort tid.</p>		
<p>4 – Vegopning 11. oktober v/Steinar</p> <p>Steinar meldt forfall, Rita informerte kort om opning av parsellen Rv. 9 Rotemo - Lunden og Rv. 9 Badstogdalen - Hartevatn tysdag 11. oktober kl 1200. Vi følger opp pr e-post.</p>	<p>Invitasjon frå SVV vedlagt.</p>	
<p>5 – Fiber i Otra v/Sigbjørn</p> <p>Har vore tema i ordførarutvalet tidlegare. Kostnadsbilete ca 1 mill (+ fjerne den gamle fiberen). Fiberen er no lagt på land, i trekkryr og det nærmar seg slutfase. Den gamle kabelen skal deretter fjernes. Bygland kommune har gjort vedtak om å forskottere 1 mill.</p> <p>Rita opplys at Steinar, på vegne av Rådet, sendte førespurnad om medfinansiering til både Otteraaens Brugseierforening og Krypsivfondet i Otra i mars 2021. Søknaden blei avslått. Det kjem styresak seinare i år.</p>		
<p>6 – Bygdevekst – oppdatering v/Kåre Einar og Rita</p> <p>Oppfølging av orientering gitt i styremøte 28. september. Åseral kommune sendte søknaden fredag 30. september. I løpet av oktober blir det lagt opp til sak i alle 5 kommunestyra, og kopi av vedtaka må ettersendes departementet. Skal vere administrativt dialogmøte mellom fylkeskommunen, statsforvaltaren og kommunal- og distriktsdepartementet 19. oktober. Vi følger opp fylkeskommune og statsforvaltar med formøte.</p> <p>Dialog om arbeidet så langt, og om korleis me no jobbar vidare politisk og administrativt.</p>		
<p>7 – Oppfølging av andre tema</p> <ul style="list-style-type: none"> - Oppfølging av møte med kommunedirektørane (sak 2, møte i ordførarutvalet 16. mai), Følges opp vidare i seinare møte når møteplanen for kommunedirektørutvalet er klar. 		
<p>8 - Eventuelt</p> <p>Neste ordinære møte inklusive bedriftsbesøk: 7. november, Bykle. Møte med hotellnettverket er utsatt til seinare i haust.</p> <p>Setesdalskonferansen 10. november. Påmelding her: https://setesdalskonferansen.no/</p> <p>Fakta grunnlaget til bygdevekstsøknaden gir et godt overblikk på regionen vår, og er lagt ut på nettsida her: https://www.setesdal.no/setesdalspresentasjon.580980.no.html</p>		
<p>Møtet vart avslutta med bedriftsbesøk til Klippe Kroken:</p> <p>https://www.facebook.com/profile.php?id=100063749252121&sk=about</p>		

Med helsing
Setesdal interkommunalt politisk råd

Rita Hansen
dagleg leiar